

Forklaring til banen

Runde 1: 2, 3, 4, 5, 6, 7, 9, 10, 11, 12, 13, 16, 17, 18, 19.

Runde 2: 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 10, 11, 12, 14, 15, 16, 19.

Finale Open: 2, 3, 8, 9, 16, 19.

Holforklaringar:

#1. ~~Par 3. 55m. BLIR IKKJE BRUKA UNDER JEMTEGÅRD-OPEN.~~

#2. Par 3. 57m. Mando til venstre for bjørk. Svak høgresving. Steinete og vanskeleg på nivået nedanfor og bak korg, der det også går ein bekk. Sjekk #3.

#3. Par 3. 84m. Rett fram. Steinete og vanskeleg på nivået nedanfor og til venstre for korg, der det også går ein bekk.

#4. Par 4. 119m. Smal opning 40 m framme, eller gå over trea for å vere sikker på å kome over myr og vatn. OB-gjerde på venstre side oppover åker og bak korg.

#5. Par 4. 142m. Banens lengste hol. Større opning på venstre side av treklynge enn på høgre side. OB-gjerde på venstre side heile vegen. Gjerne spotte.

#6. Par 3. 37m. Kortaste hol. OB-gjerde høgre side. Enkel par/birdie men unngå trea. Sjekk #7.

#7. Par 3. 64m. Trongt hol. Bingo på sidene, men meir opent til høgre.

#8. Par 3. 48m. Tidleg venstresving. Sjekk #18 bak deg. Tar du snarvegen? Tettast skog til høgre.

#9. Par 3. 84m. Trongt hol. Banens vanskelegaste birdie-hol? Tett skog på høgre side.

#10. Par 4. 125m. OB-gjerde på venstre side og mando til venstre framføre svingen. Unngå skogen til høgre for mando. Sjekk #15 og #12. Gå mot kum. Gjerne spotte på innspel.

#11. Par 3. 69m. Opent område. OB-gjerde langs venstre side og mando til høgre for lita bjørk. Dropsone på veg ved bjørka. Kast lågt for å unngå camping. Enkel par/birdie. Sjekk #12.

#12. Par 3. 58m. Opent område. Same OB/mando som 11. Unngå for langt kast pga. skog bak korg.

#13. Par 3. 60m. Skarp venstresving. OB-gjerde til høgre bak utkast. Mando til høgre for tre i skog rett fram. Unngå langt rett fram pga. tett skog.

#14. Par 3. 72m. Rett fram. OB på camping. Mando til høgre for tre i skog til venstre. Hald disken lågt for å unngå at disken går for langt til sida på slutten.

#15. Par 3. 81m. Rett fram. Lite tre i forkant. MÅ SPOTTE mot 16. Sjekk også 10.

#16. Par 4. 105m. Kortaste par 4, men til dels tett skog. Svak høgresving. Gjerne spotte.

#17. Par 3. 53m. Trippel mando fører til lågt kast inni skogen. Dropsone mellom mandotrea.

#18. Par 3. 87m. Rett fram. Tett skog på venstre side. Tør du putte ved haugen? Kan rulle. Gjerne spotte.

#19. Par 3. 32m. OB-øy med radius på 5m. Må ligge god frå utkast. To forsøk (1. kast og 3. kast) frå utkast. Eventuelt tredje forsøk (5. kast) frå Dropsone som ligg 10m frå korg. Når disken ligg god på OB-øya gjeld vanlege OB-reglar.

Nokre av reglane:

Casual gjeld for all vatn, vedstablar, pallar og maskiner, dvs. ein kan trekkje disken inntil 5m i rett line frå korga gjennom der disken låg og bakover. Feil side av gjerde mot camping er OB for alle hol. OB-linja fortset i det uendelege eller til neste OB-linje. Der det er opning i gjerde (veg eller grind) går OB-linja rett frå stolpe til stolpe. Sjølve OB-linja er OB. Disk i tre (uansett høgde) fører ikkje til straff, og ein markerar neste kast rett under. Ved leiting etter disk kan ein på gruppa setje i gang tida, og etter 3 min er det tapt disk (lost disc). Nytt kast frå førre ligg pluss eit straffekast. Du har 30 sekund frå du kjem fram til disken til du må kaste. Hald denne tida for at andre ikkje må vente unødig. Ha respekt for den som kastar og ver stille. Stå også til side for kasteretninga og ikkje stå bak korg ved putt. Det er ikkje lov å knekke/bøye greiner/kvistar for å få eit betre kast.